



Notat

Dato: 22.10.2015
Arkivsak: 2015/11037-2
Saksbehandlar: annport

Til:	Opplæring- og helseutval, Kultur- og ressursutval
Frå:	Fylkesrådmannen

Melding om ny tilskotsordning frå Hordaland fylkeskommune: «Tilskot til utvikling av frivilligheitspolitikk-/plan i kommunane i Hordaland for 2015-2016».

Bakgrunn

Samarbeid med frivillig sektor er sentralt i folkehelsearbeidet. Frivillig sektor bidrar til ein stor innsats i folkehelsearbeidet på mange viktige samfunnsområder. I tillegg viser forskning at det er godt for helsa å engasjere seg i frivillig arbeid.

I dei siste folkehelsemeldingane er verdien av samarbeid med frivillig sektor om utvikling på folkehelsefeltet løfta sterkare fram. Særleg kommunane vert utfordra til å få oversikt over frivillig sektor i eigen kommune, og vidare til å etablere ei samarbeidsplattform. Under 1/3 av norske kommunar har ein frivilligheitspolitikk/plan i dag.

Regjeringa Solberg la på FN sin internasjonale frivilligheitsdag den 5.des 2014 fram «Frivilligerklæringa». Denne erklæringa skal legge rammer for dialog og samspel mellom frivillig sektor og regjeringa. Føremålet med erklæringa er å bidra til at staten fører ein heilskapleg frivilligheitspolitikk for å skape meir føreseielege vilkår for frivillig sektor. På bakgrunn av dette har Helsedirektoratet nyleg inngått ein intensjonsavtale med *Frivillighet Norge* om eit samarbeid knytt til folkehelsefeltet.

Frivillighet Norge er ein interesseorganisasjon som arbeider på kommunalt nivå for at kommunane skal etablere lokal frivilligheitspolitikk i tråd med dei overordna anbefalingane. Saman med KS er det utvikla ein samarbeidsplattform som mellom anna bygger på samarbeid og likeverdig partnerskap mellom offentleg og frivillig sektor.

Stimulere kommunane sitt arbeid med frivilligheitspolitikk/plan i Hordaland

Hordaland fylkeskommune skal i tråd med nasjonale forventingar og i kraft av rolla som regional utviklingsaktør bidra til eit godt folkehelsearbeid i fylket. Frivillig sektor i fylket er mangfaldig og bidrar på mange områder i folkehelsearbeidet. Det skjer mykje godt samarbeid mellom frivillig sektor og mange kommunar. For å løfte dette arbeidet meir fram er det gjennom Regional plan for folkehelse 2014-2025 vedteke ein strategi for å utvikle regional og kommunal frivilligheitspolitikk i fylket, i samarbeid med frivillig sektor.

Eit viktig mål gjennom denne strategien er å sikre at kommunane som har hovudansvaret for folkehelsearbeidet lokalt vert stimulert til å få betre kjennskap til frivillig sektor som ressurs, og nytte denne sektoren sin innsats lokalt. Hordaland fylkeskommune har etablert ei tilskotsordning over to år for å stimulere dette arbeidet. Midlane er sett av i Regional avdelinga sitt budsjett for folkehelsearbeid. Målet med ordninga er å stimulere til utvikling av ein heilskapleg og tverrsektoriell kommunal frivilligheitspolitikk i flest mogeleg kommunar i fylket.- Gjennom tilskotsordninga kan dei kommunane som har interesse av det få hjelp i - utviklingsarbeidet gjennom å sette verdien av frivillig arbeid og samarbeid med frivillig sektor enda tydelegare på dagsorden. Midlane skal særleg nyttast til å kartlegge og legge til rette for samarbeidsavtalar og strategiar mellom kommunen og frivillig sektor lokalt. Det er sett av til 600 000, fordelt i 2015 og 2016. Kvar kommune kan søke mellom 20 000,- og 40 000,- til arbeid for å utvikle kommunal frivilligheitspolitikk/plan. I dette ligg at kommunen kan nytte midlar mellom anna til bistand frå *Frivillighet Norge*, frå andre aktørar, eller ved å nytte lokale krefter i utviklingsarbeidet. For Hordaland fylkeskommune er det viktig å vere ein bidragsytar inn i samarbeidet mellom frivillig sektor og kommunane. Det er viktig å fremje deltaking for einskild personar. Å vere medlem i frivillige lag og organisasjonar er viktig for å utvikle og styrke sosiale relasjonar og det spelar ein viktig rolle for inkludering og meistring. I tillegg har det ein eigenverdi i det å engasjere seg. Organisasjonane skapar viktige tilbod og møteplassar, og dei tilbyr tenester og tilbod som dekkjer eit vidt spekter av aktivitet som er viktige folkehelsearenaer i kommunen.

Hordaland fylkeskommune ønskjer gjennom denne ordninga at kommunane får god kunnskap om organisasjonslivet i sin kommune og at denne kartlegginga blir viktig i lys av det breie folkehelsearbeidet i kommunen. Fylkeskommunen vil føre oversikt over kva kommunar som nyttar tilbodet om stimuleringsmidlar.

Tilskotsordninga er offentleggjort på Hordaland fylkeskommune sine heimesider:

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Folkehelse/tilskot-frivillighetspolitikk/>

og på haustmøtet til *Frivillighet Norge* i samarbeid med KS og Fylkesmannen i Bergen den 15.okt 2015., I tillegg er det sendt informasjon om ordninga til kvar kommune.

Fylkesrådmannen orienterer om at det vert etablert ei midlertidig tilskotsordning for 2015-2016 - «tilskot til utvikling av frivilligheitspolitikk-/plan» for kommunane i Hordaland.

